

2016

ÅRSMELDING

SOGN OG FJORDANE
BONDE- OG SMÅBRUKARLAG

Innhald

2016
ÅRSMELDING

SIDE 3	VELKOMMEN TIL SAMLING
SIDE 4	LEIAREN HAR ORDET
SIDE 6	STYRET OG TILLITSVALDE 2016
SIDE 8-9	FYLKESSTYRET SITT ARBEID I 2016
SIDE 10	REKNESKAP
SIDE 12	STØLSTREFF PÅ SØLVBERGSSTØYLEN
SIDE 16–20	I MEDIA
SIDE 22	EIGNE NOTAT

Omslagsfoto: Ester Løvland

Velkommen til Fylkesårsmøte

Park Hotel Vossevangen 4.–5. mars 2017

Laurdag 4.mars
11.00 Innsjekking på hotellet
12.00 Lunsj
13.00 Opning og helsingar.
13.30 «Stortinget må ansvarliggjøres».
Senterungdommen ynskjer eit nytt jordbruksavtalesystem.
Magnus Weggesrud, nestleiar i Senterungdommen.
14.00 «Forenkling eller treffsikker politikk?»
• Ny stortingsmelding om jordbruket, jordbruks-forhandlingane, jordbruksavtalesystemet.
• Torbjørn Norland, styremedlem i Norsk Bonde- og Småbrukarlag.
14.30 Pause
14.45 Innlegg ved inviterte politikarar:
Ove Trellevik, Hordaland Høgre
Leif Sande, Hordaland Arbeidarparti
Nils Bjørke, Hordaland Senterparti
15.15 Debatt
16.00 Pause med kaffi og kake.
16.15 Debatten held fram
17.30 Møteslutt.
19.00 Felles avreise til middag på Store Ringheim.

Søndag 5.mars
09.00 Felles samling
Forsikring. Den nye avtalen med Gjensidige.
Lokallaga har ordet.
10.30 Laga går kvar for seg: Årsmøteavvikling
11.30 Lunch
12.30 Felles avreise til omvisning på den nye jordbruksskulen.
15.00 Attende ved hotellet.

SOGN OG FJORDANE BONDE- OG SMÅBRUKARLAG

HORDALAND BONDE- OG SMÅBRUKARLAG

Leiaren har ordet

KJÆRE MEDLEM!

JORDBRUKSAVTALEN 2016 blir å rekne som nulloppgjer. NBS braut, og bra var det! Pristillegga blei slik at dei dekkjer auka kostnadar i andre ledd - foredlingsindustrien. På tilskotssida blei det kamp om å få ut att botnfrådraget. Staten hadde på slutten ein rest på 50 mill., og det blei så gjeve til dei to private meieria då oppgjeret kom til Stortinget. Botnfrådraget har såleis ein dobbelfunksjon som først gjev kutt mot dei minste bruka, og så enda større kutt til mange fleire når tilskota går ut til dei med størst areal.

SOGN OG FJORDANE hadde såleis ein nedgong på 20 mill. berre på utbetaling i juni 2016.

LANDBRUKET I Sogn og Fjordane er prega av tilbakegong i alle kommunar. Dei som ligg dårlegast an er kysten, med reduksjon ned mot 60% av tidlegare areal. I åra framover vil denne nedgongen bli forsterka om vi ikkje får styrka økonomien for distriktsjordbruket. Sysselsetjinga i foredlingsindustrien vil følgje med i same retning, og difor må organisasjonen vår satse meir på samarbeid med fagrørsla i fylket og i heile landet.

IDAG IMPORTERER Norge mat frå 200 land, og den importen vil auke frå EU og frå land som treng maten sin sjølve.

NBS I fylket har klart å auke aktiviteten dei siste åra, og nye medlemmar har kome til ofte utan å bli spurde. Likevel vel 17.000 bønder å stå utanfor bondeorganisasjonane. Fleire av desse må på bana - «sånne som oss har bruk for ein medlem!»

TAKK TIL alle medlemmane i fylkesstyret og lokallaga for innsatsen i 2016.

Magnar Juklestad
leiar

Foto: Bent Are Iversen, Firda

Unngå brann på gården din

De fleste landbruksbranner skyldes feil på elektrisk anlegg og utstyr. Å gjennomføre en el-kontroll er derfor noe av det viktigste du kan gjøre for å sikre gården din mot brann.

El-kontroll med termografering gir deg:

- en tryggere hverdag
- rabatt på brannpremien på forsikringene dine
- grunnlag for god risikoscore og topprabatt på forsikringene

Kontakt oss på telefon 03100
eller les mer på gjensidige.no/landbruk

Gjensidige

AI3_0483/06.2016/Foto: Jo Michael de Figueiredo

Styret og tillitsvalde i 2016

LEIAR: Magnar Juklestad, Årdal, 6843 Skei/Tlf. 413 94 950
NESTLEIAR: Rune Bruvoll, Høynes, 6777 Stårheim/Tlf. 962 35 970
STYREMEDLEM: Atle Løvland, Kandal, 6823 Sandane/Tlf. 57 86 75 23/ 472 44 135
STYREMEDLEM: Jarle Martin Håland, 5962 Bjordal/Tlf. 478 59 475
STYREMEDLEM: Brit Inger Skaar, Skor, 6953 Leirvik i Sogn/Tlf. 909 90 437
1. VARA: Torbjørg Grimsbø Eskeland, 6847 Vassenden/ Tlf. 974 77 214
2. VARA: Marianne Holme, 5745 Aurland/Tlf. 905 12 978

EID BS: Hallgeir Askeland, 6777 Stårheim, Askeland72@hotmail.com / 976 21 992
FØRDE BS: Ole Johan Aasen, Åsane, 6819 Førde, Oj.aasen@online.no/ 959 43 337
GAULAR BS: Per Magne Bell, Eldal, 6978 Viksdalen, pmbell@frisurf.no / 476 13 505
GLOPPEN BS: Ester Løvland, Kandal, 6823 Sandane, ester@gloppen.net / 57 86 75 23 / 454 72 380
HYLLESTAD BS: Brit Inger Skaar, Skor, 6953 Leirvik i Sogn, Bi-skaar@online.no / 909 90 437
HØYANGER BS: Jarle Martin Haaland, Østerbø, 5962 Bjordal, jarle.haland@enivest.net 57 71 05 37 / 478 59 475
JØLSTER BS: Egil Juklestad, Gjesda,l 6847 Vassenden, egil.juklestad@hotmail.com 57 72 73 91/ 976 18 445
NAUSTDAL BS: Johnny Følling, Slettemark, 6817 Naustdal, bm-slett@online.no / 57 81 81 64/909 28 279
SELJE/VÅGSØY BS: Bjørn Helgesen, Berstad, 6740 Selje, helgesenbjorn@gmail.com 57 85 62 11/ 480 44 844

SOGNDAL OG LEIKANGER BS: Olav Nesse, Gurvin, 6856 Sogndal, olane@online.no 977 72 828
STRYN BS: Arne Sølvberg, 6795 Blaksæter, arnsoelv@frisurf.no / 481 51 317

Lag med kontaktpersonar:
LUSTER BS: Kjell Edvin Vedvik, 6823 Marifjøra, 991 00 603
AURLAND BS: Per Thunshelle, Berekvam, 5743 Flåm, e-post: per.thunshelle@sfj.no / 415 30 747
FLORA OG BREMANGER BS: Vilfred Gangsø, Elgvegen 15 B, 3560 Hemsedal, vg@vestsolution.no/906 22 757
Karsten F Sunde, Askrova, 6919 Tansøy, 57 74 51 31
HORNINDAL BS: Karl Johan Røyrhus Espe, Røyrhus, 6218 Hellesylt, karjroey@online.no / 702 64 042/974 22 739
VIK BS: Nils Vange, Vange, 6893 Vik i Sogn, 57 69 53 32

VALKOMITE 2016:
Ester Løvland - Gloppen BS (leiar)
Olav Nesse - Sogndal og Leikanger BS
Egil Juklestad - Jølster BS

Årsmelding 2016

Fylkesstyret sitt arbeid i 2016

STYRET I 2016 :
Leiar: Magnar Juklestad - Jølster BS
Nestleiar: Rune Bruvoll - Eid BS
Styremedlem: Brit Inger Skaar, Hyllestad BS
Styremedlem: Jarle Martin Håland, Høyanger BS
Styremedlem: Atle Løvland, Gloppen BS
1. vara: Torbjørg Grimsbø Eskeland - Jølster BS
2. vara: Marianne Holme - Aurland BS

REVISOR: Karen Hornnes - Førde BS
Ståle Haugen - Førde BS
Vara: Rune Nydal - Førde BS

Vi har hatt to nye representantar i styret vårt; Rune Bruvoll frå Eid BS og Brit Inger Skaar, Hyllestad BS. Brit Inger sit også som styremedlem i NEI til EU i Sogn og Fjordane, og styremedlem Jarle Martin Håland frå Høyanger BS sit som lokallagsleiar i NEI til EU. Knut Bøyum, Hyllestad BS sit også som lokallagsleiar i Nei til EU.

Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag har i 2016 vore representert gjennom fleire møte, ulike utval og i media.

Leiaren vår Magnar Juklestad - Jølster BS, sit i Fylkeslandbruksstyret og i arbeidsutvalet, og har delteke på fylkesmannen sine møte om landbrukspolitiske spørsmål, ofte ilag med 1. vara Torbjørg Grimsbø Eskeland. Internt i NBS; m.a. landsmøte, fylkesleiarmøte, telefonmøte, representantskapsmøte osv. Han sit også i den sentrale valnemnda til NBS.

I tillegg kjem alle møta i regi av dei politiske partia i fylket og Storfeprosjektet i regi av TINE og Nortura.

Ingolf Folven, Stryn BS har representert oss i Beitegruppa, og Olav Nesse i utvalet for kompetanseheving og rekruttering via Fylkesmannen.

Fylkessekretær Marit Milde er med i Organisasjonsutvalet i NBS sentralt og i arbeidsgruppa for fylkessekretærar. Ho har delteke på fylkesleiarmøte, telefonmøte og landsmøte, samt alle styremøta og arbeidsutvalmøta for SFBS.

I løpet av året har SFBS hatt 4 styremøte og 2 arbeidsutvalmøte. Vi har arrangert to forsikringsmøte; eitt i Førde og eitt i Sogndal.

Gloppen BS med Ester Løvland i spissen arrangerte i februar Landbruksmøte på Sandane, der leiar i NBS Merethe Furuberg var hovudinnleiar. Bra oppmøte og god debatt. Fylkesårsmøtet i lag med Hordaland BS var det SFBS som stod for. Det hadde vi på Thon Hotel Førde, med middag på Åmot Operagard lørdags kvelden. Opp mot 40 deltakarar og utsendingar var til stades.

Magnar Juklestad på talarstolen under årets Landsmøte på Gardermoen. Foto: Marit Milde

Litt av Sogn og Fjordane-benken på Landsmøtet. F.v. Rune Bruvoll, Eli Berge Ness, Atle Løvland, Britt Inger Skaar og Arne Sølvberg. Foto: Marit Milde

4. juni hadde fylkesleiar og fylkessekretær stand i Førde Sentrum under Førde Øl og Matfestival. Her blei det faktisk 5 nye medlemmer til SFBS. Så det nyttar.

30. september arrangerte Rune Bruvoll fellesmøte der folk frå Eid, Selje/Vågsøy og Flora/Bremanger BS var samla. Dette resulterte i at Selje/Vågsøy BS blei starta opp att med nytt styre.

I begynnelsen av november var det igjen tid for NBS sitt landsmøte på Gardermoen. Dette var eit møte med rekordmange deltakarar frå heile Norge. Sogn og Fjordane stilte med fleire utsendingar enn på mange år.

Eli Berge Ness Gaular BS blei då vald inn som varaordførar i NBS sentralt.

Elles har året 2016 vore prega av kreftsjukdommen til vår leiar i NBS Merethe Furuberg. Men ho er ei tøff dame som pr idag er tilbake i vervet som leiar for fullt.

For øvrig gjorde Arne Lofthus ein svært god jobb i hennar fråver.

Facebookgruppa til Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag har no 331 medlemmar. Alle våre medlemmar og sympatisørar kan følge oss her og dele aktuelle saker.

Pr. 31.12.16 hadde vi 366 medlemmar i Sogn og Fjordane. I 2015 var talet 346.

Lokallaga med flest medlemmar er: Stryn BS 36, Hyllestad BS 35 og Førde BS 31. Vi oppmodar alle om å komme med namn på potensielle medlemmer til fylkessekretæren vår.

Rekneskap

Inntekter	2015	2016	Budsjett 2017
Medlemspengar	60823	94757	97000
Tilskot/støtte/andre inntekter	39958	65268	50000
Årsmelding	0	15900	17000
Renter	79	56	100
Sum inntekter	**100860**	**175981**	**164100**
Utgifter			
Årsmelding		11171	12600
Skatt/Arbeidsgiveravgift	6770	14112	16500
Løn	46112	49002	51500
Møteverksemd	12544	12383	13000
Kurs/representasjon	8776	1819	1900
Kontor, Porto, telefon m.m.	47719	31994	35000
Sum utgifter	**121921**	**120481**	**130500**
Resultat	**−21061**	**55500**	**33600**
Eigendelar			
Lagskonto	55586	111086	
Skattetrekkskonto	705	821	
Sum omløpsmidler	**56291**	**111907**	
Gjeld og eigenkapital			
Resultat	−21061	55500	
Ny eigenkapital	35230	167407	
Sum Gjeld og EK	**56291**	**111907**	

Revisjonsmelding Sogn og Fjordane Bonde og Småbrukarlag.

Rekneskapet for Sogn og Fjordane Bonde og Småbrularlag 2016 er revidert etter framlagde bilag og kontoutskrifter.
Rekneskapet stemmer og er funne i orden.

Førde, 14.2.2017

Karen Hornnes
-revisor-

Ståle Haugen
-revisor-

Det naturlige valget

Nortura
bondens selskap

Nortura eies av bønder, styres av bønder og har samme mål som bønder - å skape best mulig økonomi for bonden.



Foto: Rune Bendiksen / Studio B13

Stølstreff på Sølvbergs-støylen

STRYN: Søndag 24. juli 2016 arrangerte Stryn BS med lokallagsleiar Arne Sølvberg i spissen stølstreff i strålande ver. Om lag 25 møtte fram, og desse kom frå BS-laga i Stryn, Eid, Gloppen og Jølster.

Der var sosialt samvær med grilling, kaffi og kaker, ein liten fjelltur, og deretter ein fagleg del v/Ingolf Folven som snakka om rovdyr. Fylkesleiar Magnar Juklestad tok opp aktuelle landbrukspolitiske tema, som t.d. utviklinga av mjølkeproduksjonen i fylket vårt samt litt om organisasjonsarbeid.

Ester Løvland la ut foto og litt tekst på Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag si Facebook-side.

Arne Sølvberg

Portrettet

NBS har den beste landbruks-politikken

JOHNNY FØLLING – Lokallagsleiar i Naustdal BS

Johnny Følling driv småbruk med sau på Naustedalen i Sunnfjord, ein av mange dalar på Vestlandet, er gift med Britt på 35 året og har fire vaksne born.

Johnny lurer litt på kvifor eg vil snakke med akkurat han og ikkje ein yngre representant.

Men Johnny har lenge vore ein engasjert medlem i NBS, heilt sidan slutten på 80-talet faktisk. Det er ein av grunnane til at eg vil prate med nettopp han.

Han har hatt fleire rollar i NBS opp gjennom tida, litt til og frå som leiar i Naustdal BS, men også som leiar, nestleiar og styremedlem i fylkeslaget. I landsstyret har han også vore representert i to år.

Då Johnny vaks opp på Viksdalen, ei anna Sunnfjordbygd, såg kvardagen til bonden annleis ut enn i dag. Då var det handmjølking som måtte til når kyrene skulle mjølkast. Så kom mjølkemaskina, deretter rørmjølkeanlegg og no er det mjølkerobot og lausdrift som gjeld.

– Noko av utviklinga har utan tvil vore bra for bonden, og arbeidet er heldigvis meir lettvint idag med utstyr som kan gjere kvardagen enklare. T.d. var traktoren sitt inntog i landbruket ein revolusjon, og både bonden og hesten fekk avlastning, seier han.

– Andre ting som har følgd med utviklinga er ikkje fullt så positive, som t.d. auken i skjema og papirarbeidet. Maskinene på bruka er blitt større og tyngre, og dette er heller ikkje bra for bøane.

– Så er det løna bonden står att med til slutt, og den har gått nedover samanlikna med andre grupper i samfunnet, men vi skal vere like effektive, om ikkje meir.

Sjølv har han heile tida hatt jobb i helsevesenet ved sidan av mens han har drive småbruket i Naustdal..

Kvifor blei/er du NBS-medlem?

– Vestlandslandbruket og landbrukspolitikken generelt var årsaka til at eg melde meg inn i NBS på slutten av 80-talet. Det står eg ved den dag idag. Eg likar ikkje ordet «hobbybonde» som nokon kallar det. Generelt leverer den norske bonden produkt av høg kvalitet til forbrukaren.

Kven er framtidsbonden?

– Dette har eg tenkt ein del på. Han vert stille, men ikkje lenge - så seier han; – Det er ein som driv kombinasjonsbruk. Vi må bort frå store, spesialiserte einingar og gå litt tilbake til slik det blei gjort før. Dessuten må dyreforet vere norskprodusert, vi kan ikkje vere avhengige av utanlandsk for og mat.

Korleis slappar du av?

– Då gjer eg minst mogeleg, og les gjerne Nationen, både på nett og papir. Det er også på ein måte avkopling å komme heim frå jobb og t.d. gå i fjøsen.

Musikksmak: - Country.

Mat: - Det beste eg veit? Eigeprodusert pinnekjøt og sauehaue. Då kosar eg meg skikkeleg.

Og til sist, kva brenn du for?

– Det at det skal kunne bu folk i bygdene våre på Vestlandet - at vi har levande bygder. Det får vi med NBS sin landbrukspolitikk.

Tekst og foto: Marit Milde

Media

Det første lesarbrevet i 2016 stod i avisa første del av januar og var signert Ann Merete Furubeg, leiar i Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Det handla om Beredskapsevnen. Her appellerte ho til KrF og Venstre;

Dersom dere ønsker en økt beredskapsevne må følgende skje:
• Dere må bidra til at budsjettstøttenivået inflasjonsjusteres, dvs. økes med om lag 650 mill. kroner.
• Dere må bidra til at jordbruket ved framtidige jordbruksoppgjør sikres en kronemessig inntektsutvikling på linje med andre grupper. Oppfylles dette, vil beredskapsevnen styrkes.

Ann Merete Furuberg, Leder i Norsk Bonde- og Småbrukarlag under tittelen «Beredskap koster» (Firda 11. januar 2016)

Vi i Norsk Bonde- og Småbrukarlag håper alle i jordbruket sammen kan stille seg bak et ufravikelig krav: Kursen i landbruket må endres nå!

Merete Furuberg, leiar Norsk Bonde- og Småbrukarlag under tittelen «I år må vi stå saman» (Firda 5. april 2016)

I år må vi stå saman

Faksimile frå Firda

JORDBRUK

Beredskap koster

NORSK BONDE- og Småbrukarlag støtter forslaget om en utredning av beredskapsevnen for produksjon av mat, slik Stortinget har vedtatt. Det betyr at det må føres en landbrukspolitikk som gjør det mulig å utnytte tilgjengelige arealressurser, sikre rekruttering til jordbruket gjennom bl.a. akseptable inntektsmuligheter og en tilstrekkelig lagring av viktige matvarer som Norge ikke produserer nok av.

SIKRING AV beredskapsevnen vil koste. Regjeringen og samarbeidspartiene må ta ansvaret med å bidra med nødvendige midler over jordbruksoppgjøret.

VENSTRE HAR tidligere sagt at overføringene bør ligge om lag på dagens nivå. Det sentrale spørsmålet er om utsagnet «om lag på dagens nivå» er et nominelt nivå eller et inflasjonsjustert nivå. Ved Stortingets behandling av jordbruksoppgjøret i 2014 endret Venstre og KrF regjeringens reduksjon i budsjettstøtten fra minus 250 mill. kroner til null. Korrigert for jordbruksavtalen i 2015 har likevel realverdien av budsjettoverføringene over jordbruksavtalen gått ned med om lag 650 mill. kroner fra 2014 til 2016.

JEG HAR en appell til Venstre og KrF. Dersom dere ønsker en økt beredskapsevne må følgende skje:

- **DERE** må bidra til at budsjettstøttenivået inflasjonsjusteres, dvs. økes med om lag 650 mill. kroner.
- **DERE** må bidra til at jordbruket ved framtidige jordbruksoppgjør sikres en kronemessig inntektsutvikling på linje med andre grupper.

OPPFYLLES DETTE, vil beredskapsevnen styrkes.

ANN MERETE FURUBERG,
Leder i Norsk Bonde- og Småbrukarlag

Faksimile frå Firda

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Naturvernforbundet og Bonde- og småbrukarlaget har mange felles mål.
* levande bygder
* rein luft, reint vatn og reine fjordar
* artsmangfald
* mattryggleik

Vi vil ha hønsefrikassé og kjekjøt, vi vil ha kortreist, økologisk mat og andelslandbruk.
Vi skal nytte naturen, men ikkje utnytte den.

Men motkreftene er sterke.
Difor må vi stå saman.
www.naturvernforbundet.no
Følg oss på Facebook: Naturvernforbundet Sogn og Fjordane
(Vi treng ikkje snakke om ulv.....)

Det kan sikkert argumenterast for og imot om det er lurast å bryte forhandlingane eller berge i land det vesle ein kan oppnå. Men det som i alle fall er sikkert er at avtalen heller ikkje i år oppfyller dei måla som Stortinget har vedteke.

Arne M. Sølvberg, leiar i Stryn Bonde- og Småbrukarlag under tittelen «Jordbruk og norsk sjølvstende» (Firda 23. mai 2016)

Jordbruk og norsk sjølvstende

Faksimile frå Firda

Elles så var det venta frå oss at BL ville sjå på verdien av å stå samla mot eit skambod frå staten, og at ein måtte utfordre partia på stortinget eitt år før valet.

Magnar Juklestad, leiar i Sogn og Fjordane Bonde- og småbrukarlag under tittelen «Eit steg fram og to tilbake» (Firda 8. juni 2016)

Eit steg fram og to tilbake

LEIAREN I Bondelaget, Anders Felde, hadde fredag i sist veke ett svar til fleire sinte innlegg frå Bonde- og småbrukarlaget om jordbruksoppgjeret. Innlegget frå Felde har fleire faktafeil som krev retting.

Først: 350 millionar vart sluttsummen, og dette var allereie på plass då NBS brauta 100 millionar var nye budsjettmidlar, og ikkje 170 som Felde hevdar. Norges Bondelag heldt altså fram forhandlingar utan at det kom ei krone meir på bordet.

For det andre: Oppgjeret vart ikkje noko kornoppgjer, men vart eit lite steg fram for storfekjøt frå ammeku, men dette blei henta frå andre kjøtprodusentar.

OPPGJERET VART eit steg fram for små mjølkebruk og det vart det klart viktigaste med heile oppgjeret.

Resten av Felde sitt innlegg er vurderingar av ymse slag. Tala for inntekter og krav kan absolutt samanlikknast frå år til år. Det er difor vi har 900 gardsrekneskap bak budsjettnemnda sine tal. Kravet var det ligaste på 8 år, og enda under det som er forhandla fram frå LO.

Landbruket forhandlar om prisar ut frå industrien; engrosprisar, og ikkje prisar til bonden. I år blei det 190 millionar av dei 350. Mange tilsette i industrien skal ha først av pristillegget dersom dei får høgare løn og at inntransport aukar i kostnad. Difor er det direkte feil å skrive at årsverksinntekta kan auke med 10.600 kroner til bonden.

TIL LIKS med andre distriktsfylke har Sogn og Fjordane kanskje teke tre steg tilbake på utbetaling av tilskot. I juni 2015 var summen 303 millionar, i år 284 millionar; altså ca. 20 millionar ned. Og liknande nedgang i fjor.

Det som konkret skjer er at staten med botnfrådraget på 6000, som alle har, får skrapa i hop heile 240 millionar, som dei så deler ut i «flate» tilskot på areal og husdyr.

IFØLGJE FELDE vil Bondelaget arbeide aktivt for alle bønder, og kva meiner Bondelaget då om botnfrådraget?

Elles så var det venta frå oss at BL ville sjå på verdien av å stå samla mot eit skambod frå staten, og at ein måtte utfordre partia på stortinget eitt år før valet.

Som Felde skriv, så må vi ta ein kamp seinare ved framleggjing av ny stortingsmelding. Desto større grunn var det til å bryte samla og starte debatten no.

MAGNAR JUKLESTAD
leiar i Sogn og Fjordane Bonde- og småbrukarlag

Faksimile frå Firda

Sogn og Fjordane har alt å vinna på at me slåst mot sentraliseringa innan jordbruket der marginale jordbruksområde i distrikta ikkje lenger skal vera med. Då krevst det engasjement. Matjorda og areala må koma fyrst med meir tilskot.

Arne Lofthus, fungerande leiar i Norsk Bonde- og Småbrukarlag under tittelen «Framtidsbonden - kven styrer?» (Firda 6. desember 2016)

Framtidsbonden – kven styrer?

Faksimile frå Firda

Bonden i dag, forsøker å produsere mest mulig, på kortest mulig tid og med størst mulig inntjening for å dekke kostnader knyttet til investeringer og drift og kanskje ha et lite overskudd. Bonden er alene i produksjonen, med mindre han er så stor at han har ansatte. Det er ikke lenger rom for slektninger på gården sikkerhetsmessig og ikke orker slektninger å jobbe i feriene heller.

Brit Inger Skaar, Hyllestad Bonde- og Småbrukarlag i eit svar til Torill Moseng sitt debattinnlegg i Firda 26. juli – «Jamlege veterinærbesøk mot døden i fjøsen» (Firda 30. juli 2016)

Dyretragedier og vanskjøtsel

Faksimile frå Firda

Vi har det meste rimelegare enn dei fleste!

Klippeutstyr

Stort utval av klippemaskiner, knivar og kammar m.m.

Drikkeutstyr for sjølvmontering

Vi har alt du treng for montering av drikkeutstyr til husdyr. Mange modellar drikkekar, stål- og plastrøyr, røyrdeler m.m.

Aktuelt til lamminga

Mjølkepumpe for sau og geit. Enkel i bruk.
Råmjølkerstatning - reddar tusenvis av lam.
Lammebar - med 5 eller 10 smokkar monterte oppe. Størrelse 20 til 65 liter.

Aktuelt til storfe

Fødselhjelp fleire modellar. **MilkBar** i fleire storleikar.

as Nessemaskin
Sjøarsv. 5, 6899 Balestrand, Tlf. 57 69 48 00
www.nessemaskin.no

Faksimile av Fjordabladet 16. desember 2016

Faksimile av Sogn Avis 12. desember 2016

«Vi må vakne opp og protestere om vi skal klare å ta vare på bygdene i Sogn og Fjordane» sa Rune Bruvoll til Fjordabladet fredag 16. desember 2016.

Reportasjen om Stårheimbonden var i avisa i samband med at regjeringa la ut landbruksmeldinga.

Rune Bruvoll ropar eit høglydt varsku om avfolking av Bygde-Norge sett i system med rasjonalisering, effektivisering, stordrift og aukande konkurranse kamuflert som «framtidsretta utvikling».

FrP-statsrådane har lagt om tilskotssystemet slik at det blir meir til dei som er store.

Rune Bruvoll går også kraftig ut mot Tine som investerer eit ti-tals millionar euro i nytt jarlsberganlegg i Irland.

Arne Lofthus er sterkt uroa for jordbruket i Fylket. – Dei som ikkje er interesserte i produksjonsauke, men berre vil ruste opp, fell utanfor. Dermed kan bygdene bli råka av «siste bonde»-syndromet; éin storbonde med store maskiner, flotte bygningar, stor buskap og stor gjeld, seiar han.

Lofthus saknar engasjement frå fylkespolitikarane, og er skuffa over at ingen deltok på møtet i Sogndal. – Det må vere vilje til og ta innover seg det som skjer og gjera vedtak lokalt. Dei kan ikkje berre la seg styre frå Oslo.

Lofthus er også uroa over landbruksmeldinga. – Heile meldinga er prega av liberalisme, og det gagnar ikkje landbruket i Sogn og Fjordane.

TINE

Kva betyr samvirke for deg?

eigar
moderne tryggleik
sosialt langsiktig
fellesskap
etterbetaling merkevarer
rettferdig
rådgjeving demokrati
verdikjedemakt

Eigne notat

SuDoku

					9			
	1	4		5			8	6
			3					
	6				8	9		7
3								
					2	4	6	
5			4			6		
								2
2		6					7	8

Indre Sunnfjord Turlag

Bli med oss ut
- aktiv naturglede for alle!

Rekneskap
Fjordane AS
ARS – Autorisert Rekneskapsførarselskap

- Rekneskapsføring
- Løn
- Eigne fagpersonar knytt til primærnæringa
- Eigarskifte
- Skybasert deling av arbeid mellom kunde/rekneskapskontor

KONTAKT OSS:
Sande 57 71 86 60
eller Førde 57 72 41 30

NORDFJORD SIDEN 1951

Vi treng meir slakt!

Ta kontakt for meir informasjon eller

sjå våre svært gode prisar på storfe,

gris og lam på

https://slakteweb.nordfjord-as.no

Innmelding tlf: 578 77 011

Produsentkontakt – Jarle Sæten: 91163266

- NYBYGG
- RESTAURERING
- GRUNNARBEID
- TØRRMURING

Nedre Jølster Bilelag
bilelaget.no

Returadresse:
Sogn og Fjordane
Bonde- og Småbrukarlag
Postboks 16
6801 FØRDE

KLIMANØYTRAL DISTRIBUSJON B

NORGE/NOREG P.P. posten

#sunnfjordkrim

Ein bondehøvding på Jølster vert funnen død , forgifta av sin eigen insektkverk

«På kjøkkenet til frilansfotograf og økobonde Myra Pide i Jølster samlast ein lungesjuk rusmisbrukar, ei snaubarbert muslimsk ungjente, ein naiv politimann laga av bamsemums, ein svært deprimert felespelar, ein gråhåra biologiprofessor, ei søkande, sint og ukjent dotter, ei enke i overgangsalderen, ein småbrukarleiar frå Afrika og ei bestemor som dyrkar urter til medisinsk bruk. Og på sjukeheimen på Skei ligg det ei gammal ei også, mot sin vilje. Alle har dei historier som forfattaren fortel med stor innleving.»
Britt Glosvik, førdianar, bloggar og journalist

«En velskrevet, spennende og original bok.»
Niels Christian Geelmuyden, forfattar og journalist

«Den som ikkje har lest Kverk ennå: Gör det bums!
Att i boken få resa runt Jølster och Bajkalsjön är underbart och historien är full av riktiga människor, som sliter med livet som vi alla gör. Temat är spännande och viktigt. Krim i verkligheten. Extra stilpoäng ger jag för Pedersen cykel, Pikant och de underbara beskrivningarna av miljön i Sogn og Fjordane, allt från smala vägar till regnet, riktig kaffe och røyk. Så, når möter vi Myra igjen?”
Jane af Sandeberg, journalist, forfattar og biletkunstnar

Frilansfotograf Myra Pide får sitt mest nervepirrande oppdrag sia ho flytta heim til småbruket ved Jølstravatnet

www.skriftaogveggen.no

Marit Bendz (f. 1959) er trønder, busett i Førde. Ho er frilansjournalist, forfattar og andelsbonde.

SOGN OG FJORDANE
BONDE- OG SMÅBRUKARLAG

Grafisk produksjon: Gunnar-Arne Haaland. Trykk: Ingvald Husabø Prenteverk AS, Leikanger